

VAKNANDE VIND

Arne Garborg lengtar attende.

Eg lengtar etter Homer.
Eg saknar den djupe fred.
Nå er det oppkava krampe.

Eg lengtar etter lauvgjerdet av
hasselkratt i Risabakkane.
Innanfor der blømer
fløyelsfin kusymre
under skjelvande ospekroner.

Eg lengtar etter å kjenna
den stigande angen av høy.
Den krydderfriske lukta av utslått-voll.

Eg lengtar etter vårdagane
då me skar pors.
Å, kor det anga
som ingenting anna!

Eg lengtar etter mjuk luft
og vaknande vind.
Skal ein arbeida må det blåsa litt.
Det er tryggare då.

Når det blæs kan ein høyra
døyvde brak av brytande bølgjer.
Eg saknar den vaknande vind.

Eg lengtar etter den mørke torvlukta
blanda med klår ange av
bølgjande lyng og sjø.

Særleg i mørke dagar og svarte netter
når Jæren sig inn
i djupare og djupare skugge,
lengtar eg.

Når tunge fnugg fell tett
frå den snøgrå lufta
og jorda vert meir og meir ei snøfond,
lengtar eg.

Eg lengtar etter å drikka morgonluft.
Vårluften som kjem inn det opne glaset
og minner meg om kvit vin.

Eg lengtar etter vipa som kryssar
over himlane
og lerka som jublar og
lokkar: «Ut med deg!»

Eg lengtar etter glitter og blenk
i åer og vatn. Å, eg skulle
hoppa på rim, dansa på vers!

Eg lengta då det kolna kring meg.
Når augo vakna og såg på meg.
«Ein framand?»
Undrande såg dei på meg:
«Er det du?»

Og eg lengtar nå,
etter draumane som spirde i sinnet
til den sirlande surrande
lyden av tussehjulet. Det lange diktet
eg laga om Arabia.

Særleg i mørke dagar og svarte netter
når Jæren sig inn
i djupare og djupare skugge,
lengtar eg.

Når tunge tankar tumlar,
underlege ormar og drakar
vaknar og glor,
stikk føle kjeftar fram
frå skumle skallar.

Eg lengtar etter blåtonen
som drøymer over
den kvite strandlinja og
dei brune heiane.

Eg saknar dei vide myrer
og kveldsklåre vass-speglar
når regnskodda lettar
og landet er nytt for augo mine.

Eg lengtar etter lerkelyng

og vipevår.

Eg lengtar etter Homer,

etter fortid og framtid og fred.

Eg lengtar etter at

himmelens skal lyfta seg

over det blanke

og blåmjuke havet

som ei signing.